

RAPPORTERING PÅ TILSKOT «KULTUR AMATØR» SAKSNUMMER 2017/903

Vinterfestivalen på Voss 2017

Gjennomføring:

KFUK-KFUM Bjørgvin arrangerer årleg Vinterfestival på Voss for ungdom i alderen 13-19 år. I år var Vinterfestivalen helga 10.-12. februar og temaet var «Vær deg selv. Stå opp for andre». «Vær deg selv. Stå opp for andre» er KFUK-KFUM sitt slagord. I KFUK-KFUM skal alle barn og unge få lov til å vere seg sjølv akkurat slik dei her, ein skal kunne delta utan å måtte føle press til å prestere, og få utvikle seg som heile menneske med ånd, sjel og kropp. Vi skal bygge opne, trygge og inkluderande fellesskap der alle kjenner seg velkomne. Å stå opp for andre vil seie å gjøre noko godt for sine medmenneske, hjelpe dei som treng det og å kjempe for rettferd der vi bur og i verda. Saman kan vi utgjøre ein skilnad for kvarandre og for verda, både i det nære og lokalt og i ein større global samanheng.

Vinterfestivalen er ein stor kristen ungdomsfestival som samlar ungdom frå store delar av Hordaland fylke. Festivalen er open for alle, men ungdommane må reise saman med ein vaksen leiar. Det var i år 518 stykke som var påmeldt festivalen, dette inkludert leiarar og frivillige medarbeidrarar. Det er også fleire kyrkjelydar som nyttar festivalen som konfirmantleir for sine konfirmantar, og i år var det fire konfirmantgrupper som nyttar festivalen som ein del av konfirmantundervisningsopplegget sitt. Vinterfestivalen skapar engasjement i gruppene våre, både hjå medlemmane og våre frivillige leiarar, så vel som samfunnsengasjement og solidaritet for våre sysken i Sør.

Festivalen har eit godt og variert program. I KFUK-KFUM legg vi vekt på at vi er heile menneske, med ånd, sjel og kropp – og at vi treng å bruke heile oss for å føle oss som eit heilt menneske, og dette kjem også fram i programmet for festivalen, der det er både fysisk aktivitet, fagleg påfyll, åndeleg påfyll og ro for sjel og sinn. På fredagskvelden etter innsjekk og innkvartering på skular, er det klart for opningsshow med allsong, musikk, konkurransar, show og gøy. Her vert deltakarane introdusert for festivaltemaet, og eigenprodusert festivaldans og festivalsong. Etter dette er det klart for ei storslått kanonballturnering med god stemning, heiagjengar utkledd i festlege og kreative kostymar og masse liv og røre. Vi avsluttar kvelden med felles kveldssamling for å roe ned. På romma har gruppe «soveposesamling» som er eit samtaleopplegg for å reflektere over dagen som har vore og skape tilhørsle i gruppa. Laurdagen er den store festivaldagen. Etter frukost var det morgonshow med «Communication for Change» (KFUK-KFUM og Kirkens Nødhjelp sitt eittåringsprogram, som er eit utvekslingsprogram for unge vakne mellom 18 og 25 år frå Noreg og våre samarbeidspartnerar i Sør). Her var mellom anna

reddferdig og etisk handel og StopPoverty-kampanjen nokre av fokusområda. Etter morgonshowet er det seminartid – der deltagarane kunne velje mellom ca. 30 ulike seminar. Vi tilbydde seminar som dans, drama, styrearbeid, band, musikalsk leiing, kor, ulike hobby/handarbeid workshops, ski alpint, ski langrenn, brettspel, andakt, globalfokus-seminar med CFC (etisk handel og kulturverkstad), film, foto, direksjon, førstehjelp, boblefotball, volleyball, SportY leik, med fleire. Etter ein god middag var det klart for Globalaksjon med Globalmarknad og Globalløp (solidaritetsløp) til inntekt for Globalaksjonen til KFUK-KFUM som i 2017 går til KFUK Sri Lanka. KFUK Sri Lanka organiserer spare- og investeringsgrupper som møtast jamleg for å spare små beløp i ei felles kasse, som kjem medlemmane til nytte. Dette hjelpt medlemmane og familiene deira til å få ei stabil inntekt og dekke grunnleggande behov i det daglege, og dermed hjelper mange familiar ut av fattigdom. På kvelden er stort show der alle Ten Sing gruppene opptrer for kvarandre – så her er det god stemning, glitter og stas, mykje flinke ungdommar som får utfalte seg på scena og vise fram kva dei jobbar med i sine Ten Sing grupper; song, dans, drama m.m. Vi avslutta kvelden med konsert med det relativt ny-establerte bandet «7 Days in Alaska». Det var ei stor opplevelse for mange ungdommar og konserten var ein populær programpost. På søndagen er det tid for å pakke saman, før vi feirar gudsteneste saman med Voss kyrkjelyd i Idrettshallen på Voss. Vi avsluttar så helga med avslutningsshow der vi samlar trådane, og mellom anna så får felleskor, dans og drama seminara får vise fram kva dei har jobba med på seminar.

I KFUK-KFUM vektlegg vi ungt ansvar – vaksen nærvær. Dette kjem fram gjennom alt vi gjer før og under festivalen. Vi har ein frivillig arrangementskomité som består av unge vaksne mellom 18 og 25 år som har ansvar for planlegging og gjennomføring av festivalen. Arrangementskomiteen får oppfølging av dagleg leiari i KFUK-KFUM Bjørgvin, men det er komiteen som har ansvaret for å skipe til festivalen. Ungdommane som går på leiarkurs hos oss er også viktige medarbeidarar i førebuingane og under festivalen. MILK kurs deltakrarar (Minileiarkurs for fjarårskonfirmantar) har t.d. ansvar for vere med å planlegge kveldsavslutninga fredagen. Festivalbandet, programleiarar og forsongarar består av ungdom mellom 16 og 25 år. Gudstenesta søndagen er laga av ungdommane våre som går på leiarkurset «LIV- Ledere i vekst», i samarbeid med festivalpresten. Vi har to teknikargrupper i kretsen, og desse hadde ansvar for den tekniske produksjonen under festivalen (lyd, lys, video og foto). Dette er god, viktig og lærerik leiaropplæring og vi gir dei ein arena for å utvikle seg og til å bli gode teknikarar. Dei aller fleste av medarbeidarane på festivalen er mellom 16 og 25 år, eit få tall er vaksne over 30 år. På denne måten får ungdom og unge vaksne høve til å vekse og utvikle seg, dei får ansvar og tiltru, men innafor trygge rammer der dei får opplæring og erfaringar som er viktige og nyttige å ta med seg vidare i livet. Vinterfestivalen, er som mange av våre andre arrangement, heilt avhengig av frivillige medarbeidarar som legg ned stor innsats og mykje jobb i å skape ein gode og

trygg festival for deltakarane. Inkludert leiarkursdeltakarane, så var det nærmare 100 frivillige medarbeidrarar med på festivalen.

Prosjektrekneskap:

Prosjektnr. 1 - Vinterfestival	
INNTEKTER	
Salgsinntekt	1800
Deltageravgifter (inkl. fellesreise)	422255
Fylkeskommunal Støtte Kultur Amatør	13000
Støtte fra bispedømmet OVF midler (avslag på søknad)	0
SUM inntekter	437055
KOSTNADER	
Lønnsbidrag	28717,87
Praktiske løsninger	19119,53
Profileringsartikler	5221,6
Støtte til enheter og andre (delingsnøkkel overskudd med Voss KFUK-KFUM)	48472,8
Reisekostnader (fellesreisebuss)	56654,8
Overnatting	51329
Leie av lokaler	70600
Andre kostnader arrangement	2349
Bespisning/kantine	73425,15
Show/Program	16069
Leie av teknisk utstyr	42375
Andre transportkostnader	22677,25
Bankgebyr/øredifferanse	44
SUM kostnader	408337,13
DRIFTSRESULTAT	0

Kommentar til prosjektrekneskap:

Lønskostandar som er lagt inn i budsjettet er kostandar knytt til dagleg leiar sitt ansvar for koordinering, planlegging og gjennomføring av arrangementet i samarbeid med frivillige medarbeidrarar. Lønskostnadane med tanke på kor mykje arrangementet kan bidra til dekking av kretsen sine lønskostnadar, og ikkje ein reell sum for kor mykje tid dagleg leiar brukar på arrangementet i form av planlegging, gjennomføring og etterarbeid – det er eit mykje høgare tal enn kva som er budsjettert med og rekneskapsført. Likevel, så ønskjer ein å synleggjere i våre prosjektbudsjett og prosjektrekneskap at aktivitetane våre må vere med på å finansiere lønskostnadane som kretsen har. Vinterfestivalen på Voss er også eit av våre berande arrangement for økonomien vår, og derfor er det heilt avgjerande for dagleg drift og drift av eit omfattande programarbeid for barn og ungdom, at vi har eit godt overskot på dette arrangementet.

Avvik:

Vi søkte om støtte til dette arrangementet innan søknadsfristen som var 1.mars 2017. Då var arrangementet allereie gjennomført, sidan det var i februar 2017. Dermed har vi ikkje reklamert i informasjonsmateriell, ei heller hatt informasjon på heimesida vår, facebookside m.m. om at arrangementet er støtta av Kultur Amatør tilskot frå Hordaland fylkeskommune.

I årsmeldinga for 2017 vil det verte informert om Kultur Amatør tilskot frå Hordaland Fylkeskommune.

Vi veit også at vi sender inn rapporten noko seint, dette har med at prosjektrekneskapet ikkje har vore klart før no, og ønskte å sende inn ein fullstendig rekneskapsrapport med reelle tal framfor eit estimat.

Vi håper at desse avvika ikkje vil telje negativt for oss ved eventuelle framtidige søker, då tilsgsnsbrev frå Fylkeskommunen kom i sommar og utbetaling av tilskotet skjedde i september.